

KUNNSKAP FOR EI BETRE VERD

Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet – NTNU

Vedteken av styret for NTNU 06.12.2017

Leserettleiing

Strategien består av tre delar.

Del 1 inneheld visjon, verdiar, samfunnsoppdrag, utfordringar og overordna målbilde.

Del 2 handlar om kjerneoppgåvene til NTNU. Desse er utdanning og læringsmiljø, forsking, kunstnarisk verksemd, nyskapings- og innovasjonsverksemd og formidling.

Del 3 handlar om innsatsområde med tema som går på tvers av kjerneoppgåvene våre. Desse inkluderer internasjonalisering, tverrfagleg samhandling, karriere og kompetanse, arbeidsmiljø og studentvelferd, campusutvikling og NTNU si utviklingsevne.

Del 2 og 3 utgjer strategien. Her skildrar vi situasjonen som NTNU ønsker å vere i ved utgangen av strategiperioden.

Under kvart område er det formulert utviklingsmål der NTNU særleg bør utvikle seg i perioden.

Strategiane og dei tilhøyrande utviklingsmåla skal bidra til å realisere NTNU sitt overordna mål slik dei kjem fram i kapittelet «Målbildet – NTNU 2025».

01

| | |
|---|----------|
| Visjon, verdiar, samfunnsoppdrag, utfordringsbilde og overordna målbilde | 5 |
| Vår visjon: Kunnskap for ei betre verd | 7 |
| Våre verdiar | 8 |
| Vårt samfunnsoppdrag | 10 |
| Utfordringsbildet i 2018 | 12 |
| Målbildet – NTNU 2025..... | 14 |

02

| | |
|---|-----------|
| Kjerneoppgåver | 17 |
| Vår utdanning og vårt læringsmiljø..... | 18 |
| Vår forsking..... | 20 |
| Vår kunstnariske verksemد..... | 22 |
| Vår innovasjon og nyskapingsverksemد..... | 24 |
| Vår formidling | 26 |


03

| | |
|--------------------------------------|-----------|
| Innsatsområde | 28 |
| Internasjonalisering | 30 |
| Tverrfagleg samhandling..... | 31 |
| Karriere og kompetanse..... | 32 |
| Arbeidsmiljø og studentvelferd | 33 |
| Campusutvikling | 34 |
| NTNU si utviklingsevne | 35 |
| Frå visjon til verkelegheit | 36 |

VISJON
VERDIAR
SAMFUNNSOPPDRA�
UTFORDRINGSBILDE
OVERORDNA MÅLBILDE

01





VÅR VISJON:

KUNNSKAP FOR EI BETRE VERD

Kunnskap gir menneske moglegheiter og innverknad, og er eit fundament for å ta gode val. Kunnskap inspirerer og utfordrar, endrar haldningar, tenkemåtar og korleis vi ser verda. Demokratiet vårt blir styrkt av ein opplyst debatt. Kunnskap utvikla ved NTNU skal kome fellesskapet til gode, og ein skal kunne stole på at kunnskap frå NTNU er kome fram i tråd med normer for utvikling av god vitskap.

Kunnskap og teknologiutvikling gir høve for å auke den berekraftige verdiskapinga og for å finne svar på store utfordringar. Verda har gjennom FN blitt einige om 17 berekraftsmål. NTNU vil bidra aktivt til å nå berekraftsmåla.

NTNU sin styrke er vår teknisk-naturvitenskaplege hovudprofil kombinert med fagleg breidde og tverrfagleg samarbeid.

○ VÅRE VERDIAR

Verdiane til NTNU er retningsgivande for alle medarbeidaran og studentar, og verdiane pregar åtferda vår. Arbeidet vårt er fundert på fire verdiar: kreativ, kritisk, konstruktiv og respektfull.





KREATIV

Verksemda til NTNU er forankra i akademisk fridom. Vi gir oss i kast med utfordrande spørsmål og oppgåver og søker innovative løysingar med bakgrunn i heile den faglege breidda vår. Ved NTNU får fag, menneske og kulturar utvikle seg. Vi verdsett og stimulerer til innovasjon blant studentar og tilsette og til nyskapande undervisning, forsking og kunstnarisk verksemd.

KRITISK

Verksemda vår bygger på grunnleggande demokratiske verdiar og vi representerer ei fordomsfri og uavhengig stemme. Den akademiske kulturen vår er kjenneteikna av debatt, kritisk refleksjon, faktabasert kunnskap, saklegheit og høgt etisk medvit. Vi utfordrar konvensjonelle idear og løysingar.

KONSTRUKTIV

Vi er i open og løysingsorientert dialog med omverda og vektlegg samhandling eksternt og internt. Vi tek samfunnsansvar og påverkar, korrigerer og utviklar kvarandre og omgivnadane gjennom dialog og formidling av kunnskap. NTNU vektlegg medråderett og aktiv medverknad frå studentar og tilsette.

RESPEKTFULL

Alle tilsette og studentar har eit ansvar for å bidra til eit arbeids- og studiemiljø prega av respekt og omtanke. Vi legg til rette for personleg vekst og kompetanseutvikling. Vi bidrar til mangfold og likestilling i samfunnet og i eiga verksemd, og vi arbeider for likeverd og toleranse. Ved NTNU viser vi respekt for ulike haldningar og meiningar.

○ VÅRT SAMFUNNSOPPDRA

Samfunnsoppdraget rommar både dei forventningane omverda har til oss, og dei samfunnsoppgåvane vi sjølv ønsker å løyse. Vi har eit generelt oppdrag som er likt det andre universitet har, og eit spesielt oppdrag som gjer oss unike.



Vårt generelle oppdrag

Som universitet har NTNU eit ansvar for å tilverke nye perspektiv for langsiktig, grunnleggande forsking og for utdanning av framifrå kandidatar. Vi tilbyr forskingsbasert utdanning på alle nivå. Vi utviklar og formidlar kunnskap og forvaltar kompetanse om natur, menneske, samfunn og teknologi. NTNU er ein kulturerbar og bidrar til innovasjon i samfunn og arbeidsliv.

Ei av universitetet sine oppgåver er å delta i ein kunnskapsbasert offentleg debatt. Vi bruker kunnskapen vår til beste for samfunnet. Vi engasjerer oss i å løyse globale utfordringar. Verksemda vår fremmer utvikling, menneskerettar og tverrkulturell dialog.

Vårt spesielle oppdrag

NTNU er eit breiddeuniversitet med ein teknisk-naturvitenskapeleg hovudprofil, og eit tyngdepunkt innan profesjonsutdanning.

Vi bidrar til å utvikle Noreg. Vi skaper verdiar, økonomisk, kulturelt og sosialt, og har ei nasjonal rolle i å utvikle det teknologiske grunnlaget for framtidas samfunn.

Med vår hovudprofil og tverrfaglege styrke bidrar vi til å løyse samansette problemstillingar. Vi er ein premissleverandør for omstilling og grønt skifte, og vi bidrar til eit konkuransedyktig næringsliv og ein god offentleg sektor gjennom samarbeid om nye praksisar, prosessar og produkt.

Kunstfag er ein sentral del av identiteten til NTNU. Vi har også eit leiande universitetsmuseum med unike vitskapelege samlingar og publikumsutstillingar.

Som fleircampusuniversitet er NTNU ein tydeleg aktør i byane og regionane der vi har hovudaktiviteten vår.

UTFORDRINGSBILDET I 2018

Aktivitetane til NTNU er langsiktige. Samtidig er dei nasjonale og globale samfunnsendringane omfattande og raske, og verknadene er ikkje alltid føreseielege. Verdet av kunnskap, kvalitet og høg kompetanse aukar, og samfunnsutviklinga speglar seg direkte i krav og forventningar til universiteta. Vi ser særleg tre trendar som vil vere viktige for NTNU i strategiperioden fram til 2025: skjerpa konkurranse, styrkt samspele med samfunnet og det å vere ein endringsvillig organisasjon.



Foto: Kristin Stoylen

Skjerpa konkurranse

NTNU vil oppleve skjerpa konkurranse framover, både når det gjeld å rekruttere dei beste medarbeidarane og studentane og å skaffe forskingsmiddel. Konkurranse vil bli meir internasjonal. For å sikre at dei beste utdanningssøkarane vel NTNU, må vi ha studie- og læringsmiljø som er kjende for sin høge kvalitet. Vi må sikre at studentane lukkast i arbeidsmarknaden, og hindre fråfall og studieforseinking. Meir av forskinga vil bli finansiert gjennom eksterne konkurransearenaer og i internasjonalt samarbeid. NTNU må vere i stand til å vinne fram i konkurranse både nasjonalt og internasjonalt. Konkurranse om dei beste medarbeidarane vil auke, og det stiller nye krav til NTNU som arbeidsgivar.

Styrkt samspele med samfunnet


Samfunnet forventar at NTNU skal vere ein samarbeidspartnar og bidragsytar i å finne morgondagens løysingar. Slik kan vi styrke verdiskapinga og finne gode løysingar på globale utfordringar. Store teknologiske endringar gir utfordringar, men kan også gi nye moglegheiter og styrkt konkurransekraft. NTNU må leie an i dette. Samarbeids- og nyskapingskulturen må i enda større grad vere ein del av alle fagmiljøa våre.

Ein endringsvillig organisasjon

For at vi skal kunne hevde oss i konkurranse om å skape det beste forskings- og læringsmiljøet, og vere ein attraktiv samarbeidspartnar, må vi vidareutvikle og forbetra versemada vår. Vi må gjennom gode og inkluderande prosessar vere i stand til å nytte dei samla ressursane våre betre gjennom tydelege prioriteringar og i større grad ta i bruk ny teknologi. Auka endringstakt i verda rundt oss krev at vi endrar oss raskare enn før, men at vi samtidig tek vare på universitetet si grunnleggande rolle og verdiar.

MÅLBILDET NTNU 2025

NTNU 2025 er eit overordna bilde av korleis NTNU ønsker å vere i utgangen av strategiperioden. Målbildet summerer opp ambisjonane våre i strategien.



I 2025 har vi styrkt posisjonen vår som kunnskapsinstitusjon. Vi har arbeidd målretta for å heve kvaliteten i heile breidda av verksemda vår. Samtidig har vi lagt til rette for at fleire av fagmiljøa våre skal vere i verdsklasse. Vi har status som eit internasjonalt orientert forskingsuniversitet med høge kvalitetsstandardar.

Dei beste studentane vel NTNU. Læringsmiljøet vårt er innovativt og spennande, og studentmiljøet er kjent som det aller beste. Kandidatar med eit vitnemål frå NTNU er svært attraktive for arbeidsgivarar, både nasjonalt og internasjonalt.

Vi opplever å vere eitt NTNU, med kreative fagmiljø og spennande tverrfagleg samarbeid. Vi har i større grad nytta potensialet som ligg i at utdanning, forsking og innovasjon er integrerte ved universitetet, og rolla vår som samarbeidspartner for omstilling er etablert som eit enda tydelegare særtrekk for NTNU. Gjennom strategiperioden har vi lykkast i det systematiske arbeidet vårt for å utvikle ein innovasjonskultur hos både studentar og tilsette.

Våre tilsette er godt synlege i samfunnsbildet og bidrar aktivt i samfunnsutviklinga. Vi meistrar moderne kommunikasjonsmetodar og formidlar våre resultat ope tilgjengeleg.

Vi har utvikla og modernisert det teknisk-administrative støtteapparatet og yter tenester med riktig kvalitet tilpassa behovet til brukarane. Kvar medarbeidar sin kompetanse blir verdsett og utvikla systematisk. Saman har vi skapt gode universitetsområde og arbeidsmiljø, og tilsette ved NTNU omtaler arbeidsplassen sin med stoltheit.

I 2025 har vi nådd vårt mest ambisiøse mål, nemleg at alle institutta våre har fagmiljø som er på eit dokumentert høgt internasjonalt nivå innan minst eitt av kjerneområda sine.

Vi har medverka til kunnskap for ei betre verd gjennom tydeleg å prioritere innsats og ressursar i tråd med FN sine berekraftsmål.

KJERNEOPPGÅVER

UTDANNING OG LÆRINGSMiljø

FORSKING

KUNST

INNOVASJON OG NYSKAPING

FORMIDLING

02





VÅR UTDANNING OG VÅRT LÆRINGSMiljø



UTDANNINGS- OG LÆRINGS MILJØSTRATEGIEN ER TUFTA PÅ TRE PILARAR:

- Utdanning** av internasjonalt framifrå kandidatar
- Kvalitet** i utdanninga
- Utvikling** av eit godt læringsmiljø

UTVIKLINGSMÅL

NTNU skal:

Heve kvaliteten i studieporteføljen, blant anna gjennom samordning og konsentrasjon og ut frå internasjonale trendar i utdannings- og arbeidsmarknaden

Prioritere innovative og utforskande læringsprosessar med høg internasjonal kvalitet, bygd på forskingsbasert kunnskap om læring

Utvikle etter- og vidareutdanningstilbod i samspel med arbeidslivet

Etablere utviklingsprogram for systematisk heving av utdanningsfagleg kompetanse

■ NTNU er ein attraktiv utdanningsinstitusjon som tiltrekker seg dei beste studentane. Kandidatane våre er etterspurde i inn- og utland. Dei er fagleg sterke og tverrfagleg orienterte og har relevant kompetanse for arbeidslivet.

Studieprogramma våre held høg internasjonal kvalitet. I samarbeid med fagmiljø nasjonalt og internasjonalt har vi ein relevant studieportefølje for livslang læring. Alle studieprogram gir innsikt i vitskapeleg litteratur, kritisk tenking og etikk. Studieprogramma har eit solid fagleg og utdanningsfagleg forskingsfundament. Den nære dialogen med arbeidslivet er avgjerande for å utvikle kvaliteten.

Kunnskap blir skapt i eit fagleg fellesskap der studentane bidrar til utvikling av innhald og læringsprosessar i eit tilrettelagt læringsmiljø. Ny teknologi blir brukt for å gi studentane tilgang til aktiviserande og varierte lærings- og vurderingsformer og for å gi god tilgang til livslang utdanning. Gjennom læringsaktivitetane blir studentane involverte i forskinga til fagmiljøa. Undervisning, arbeidspraksis og forsking blir kopla saman, og vi drar nytte av arbeidsmåtar og resultat frå sentera våre og tematiske satsingar.

Undervisaren på NTNU er engasjerande og framtidsretta, og har høg kompetanse. Vi utviklar god utdanningsleiing som fremmer kvalitetskultur gjennom systematisk evaluering og oppfølging. Vi er ein aktiv samarbeidspartner på nasjonale og globale arenaer og ein pådrivar i deling av læringsressursar.



VÅR FORSKING



FORSKINGSSTRATEGIEN ER TUFTA PÅ TRE PILARAR:

- Utvikling** av talent og framifrå forskingsmiljø
- Kvalitetsheving** i heile verksemda vår
- Forsking** i og på tvers av disiplinar

UTVIKLINGSMÅL

NTNU skal:

Auke suksessen på eksterne konkurransearenaer generelt og lykkast betre på internasjonale konkurransearenaer for framifrå forsking spesielt

Utvikle forskingssamarbeidet vårt med andre forskingsmiljø og offentlege og private verksemder

Heve kvaliteten på publikasjonane og på den måten styrke den vitskaplege gjennomslagskrafta vår

Legge til rette for kunnskapsdeling gjennom open tilgang til publikasjonar og forskingsdata

Forsking ved NTNU har styrken sin i spennet frå grunnleggande til anvendt forsking. Grunnleggande forsking gir langsiktig kunnskapsutvikling innanfor heile breidda av NTNU sine fagområde. Vi har ein sterkt profil innan anvendt forsking, med brei kontaktflate mot privat og offentleg sektor. SINTEF er ein nær samarbeidspartner som bidrar til å styrke den internasjonale konkurranseskrafta vår og samarbeidet vårt med arbeidslivet.

Forskinga vår held høgt internasjonal nivå. Fagmiljøa har ein tydeleg profil som bygger opp under utdanning og nyskaping, og som utnyttar tverrfaglege koplingar. Vi utviklar sterke fagmiljø, og prioriterer forskarar som bidrar heilt i front av den internasjonale kunnskapsutviklinga.

Infrastruktur for forsking er eit av våre konkurransefortrinn. Sambruk og samlokalisering av infrastrukturen sikrar effektiv ressursutnytting.

Ekstern finansiering bidrar til å bygge kapasitet og utvikle kvalitet i forskinga. NTNU legg til rette for og forventar at forskarane våre når opp i den nasjonale og internasjonale konkurransen om forskingsmiddel.

Forskningsresultat og -data frå NTNU blir ope publiserte. Forskarar ved NTNU har høge ambisjonar for publiseringa si og publiserer i aukande grad i samarbeid med fagfeller internasjonalt.

Ph.d.-utdanninga vår held høg internasjonal kvalitet og kandidatane er ein viktig del av forskningsressursen vår. Ph.d.-kandidatane er etterspurde av kunnskapsintensive verksemder utanfor akademia, og dei finn relevant arbeid både innanfor og utanfor akademia.



VÅR KUNSTNARISKE VERKSEMD



Foto: Diana Lindhjerg

KUNSTSTRATEGIEN ER TUFTA PÅ TRE PILARAR:

Utvikling av framifrå kunstmiljø

Styrking av det kunstnariske utviklingsarbeidet

Samspel med teknologi, vitskap og samfunn

NTNU sine samla fagmiljø for høgare kunstutdanning og kunstnarisk utviklingsarbeid gir oss eit unikt utgangspunkt for å drive kunstnarisk verksemd og utviklingsarbeid med dokumentert høg internasjonal kvalitet. Med utgangspunkt i den kunstnariske praksisen vår utviklar og studerer vi forholdet mellom kunst og samfunn, og vidareutviklar samspelet mellom kunst, teknologi og vitskap. Vi er ein aktiv partner i å styrke kunsten si rolle i samfunnet.

Kunst skaper nye former for innsikt, erfaring og erkjenning. Kunst fortolkar og dannar sosiale fellesskap og er eit sentralt element i utviklinga av engasjement og samfunnsmedvit. NTNU set kunsten i ein tverrfagleg, sosial og internasjonal samanheng, i tillegg til å utvikle kunsten og kunstfaga si kritiske og konstruktive rolle for enkeltindividet, allmenta og skulen.

UTVIKLINGSMÅL

NTNU skal:

Utvikle kunst med dokumentert høg internasjonal kvalitet

Vidareutvikle samspelet mellom kunst, teknologi og vitskap

Bidra aktivt til å styrke kunsten si rolle i samfunnet og i skulen

■ VÅR INNOVASJON OG NYSKAPINGSVERKSEMD



INNOVASJON OG NYSKAPINGSSTRATEGIEN ER TUFTA PÅ TRE PILARAR:

Samarbeid med etablert næringsliv

Samarbeid med offentleg sektor

Bidra til å skape nytt næringsliv

UTVIKLINGSMÅL

NTNU skal:

Styrke langsigktig samarbeid med etablert næringsliv og offentleg sektor for å betre arbeidslivet si omstillingsevne

Auke talet på innovasjonar, kommersialiseringar og nyetableringar frå tilsette og studentar

Innarbeide innovasjonskompetanse i utdanninga av våre kandidatar

NTNU er ein viktig bidragsyta til berekraftig verdiskaping, omstilling og auka konkurransekraft. NTNU skaffar til vegar kunnskap og bidrar til at forsking resulterer i nye innovative løysingar til nytte for samfunn og arbeidsliv. Gjennom samarbeid kombinerer vi teori og praksis for å løye utfordringar og bidrar til omstilling og utvikling av eksisterande næringsliv og offentleg sektor. Dette gjer oss til ein attraktiv samarbeidspartner.

Vi stimulerer til og realiserer næringsverksemda basert på idear frå våre tilsette og studentar. Kunnskap blir tatt i bruk, og vi fremmer innovasjon og entreprenørskap gjennom eit økosystem for innovasjon som fungerer godt. Saman med andre aktørar bidrar vi til at nyetableringane våre skaper verdiar i samfunnet.

Gjennom studieløpet tileigner studentane seg kompetanse om innovasjon og møter problemstillingar som er relevante for arbeidslivet. Slik blir kandidatane våre attraktive medarbeidarar for å bidra til omstilling og utvikling i eksisterande og nytt arbeidsliv.



VÅR FORMIDLING



FORMIDLINGSSTRATEGIEN ER TUFTA PÅ TRE PILARAR:

Formidling av resultat frå forsking og kunstnarisk utviklingsarbeid til forskarsamfunnet og studentar

Allmennretta kunnskapsformidling mot det breie publikum

Brukarretta forskingsformidling retta mot avgrensa grupper som har bruk for kunnskapen og teknologien i utøving av yrket sitt eller profesjonen sin

Vi sørger for at kunnskap utvikla ved NTNU blir synleg og tilgjengeleg for einskildmenneske og samfunnet. Formidlinga vår skaper interesse og forståing for vitskap og nyskaping blant barn og ungdom. Vi bidrar til ein kunnskapsbasert offentleg debatt.

Vi tilpassar formidlinga til ulike brukargrupper og bidrar aktivt til utforming av kunnskapsbasert yrkesutøving, politikkutforming og forvaltning.

Kommunikasjonen med målgruppene er open, sann og involverande. Vi bruker nyskapande verkemiddel, arenaer og medium.

Formidlings- og kommunikasjonsarbeidet styrker omdømet vårt og bidrar til å rekruttere dyktige tilsette og studentar frå inn- og utland. Det gjer oss til ein attraktiv samarbeidspartner for arbeidslivet og kunnskapsinstitusjonar nasjonalt og internasjonalt.

UTVIKLINGSMÅL

NTNU skal:

Auke deltakinga vår i samfunnsdebatten og sørge for at perspektiva, ideane og resultata blir betre kjende og brukte

Styrke formidlingskompetanse blant tilsette og ph.d-studentar

Særleg styrke formidlinga innan teknologi og naturvitenskap

Auke kjennskapen til NTNU i inn- og utland

UTVALDE INNSATSOMRÅDE

For å møte framtida sitt utfordringsbilde vil NTNU i inneverande strategiperiode vektlekke nokre utvalde innsatsområde: internasjonalisering, tverrfagleg samhandling, karrierevegar, studie- og arbeidsmiljø, campusutvikling og NTNU si utviklingsevne. Områda er av stort verd for at vi skal nå måla våre og rører ved heile organisasjonen på tvers av faglege og organisatoriske einingar.

03





Foto: Gair Mogen

INTERNASJONALISERING

NTNU er internasjonalt orientert og er ein betydeleg bidragsytar i den globale kunnskapsutviklinga. Internasjonalisering er integrert i den faglege aktiviteten i alle fagmiljøa våre.

Internasjonalt orienterte utdanninger sikrar mangfold og gir auka kvalitet, internasjonal erfaring og innsikt i globale problemstillingar. NTNU legg godt til rette for utveksling av eigne studentar og integrasjon og inkludering av internasjonale studentar.

Deltakinga vår i den internasjonale forskingsfronten gir høg vitskapeleg kvalitet. Forskingsaktivitet ved NTNU blir i aukande grad finansiert frå internasjonale kjelder og i samarbeid mellom forskarar i ulike land.

Vår breie internasjonale kontaktflate og kompetanse gjer NTNU til ein attraktiv samarbeidspartner for bedrifter som opererer i globale marknader og i det internasjonale arbeidslivet. Systematisk samarbeid med institusjonar i låg- og mellominntektsland bidrar til kompetansebygging og gjensidig utvikling.

UTVIKLINGSMÅL

NTNU skal:

Auke utnyttinga av EU sine verkemiddel for forsking, innovasjon og utdanning for å sikre høg kvalitet og relevans i verksemda vår

Etablere strategiske partnarskap med utvalde institusjonar globalt

Styrke rekrutteringa av framifrå forskarar internasjonalt og auke den internasjonale mobiliteten for våre tilsette

Auke andelen gradsstudentar som tek eit studieopphold ved ein utanlandsk lærestad

TVERRFAGLEG SAMHANDLING

NTNU verdsett og stimulerer tverrfagleg samarbeid og legg til rette for samarbeid og delingskultur på tvers av einingar.

NTNU har tverrgåande tematiske satsingsområde som bidrar til å fokusere og løfte NTNU si forsking, utdanning og innovasjonsverksemd innanfor område med særleg høg samfunnsrelevans. Vi har tydelege satsingar på mogleggerande teknologiar. Desse teknologiane bidrar betydeleg med løysingar innan dei tematiske satsingsområda våre.

Disiplinkunnskap er utgangspunktet for god tverrfagleg samhandling, og disiplinfaga dannar grunnlag for våre gode profesjonsutdanningar. Samarbeid med arbeidslivet bidrar til å sikre relevans i utdanning og forsking, i tillegg til å dekke samfunnet sitt behov for innovasjon og tverrfagleg kompetanse.

Eigenarten til NTNU blir spegla tydeleg i kandidatane sin kompetanse. Ein kandidat frå NTNU skil seg frå andre kandidatar. Vi utviklar samhandlingskompetanse hos studentane. Kandidatar frå NTNU har verktøy, metodar og tilstrekkeleg digital kunnskap til å møte framtidas behov.

UTVIKLINGSMÅL

NTNU skal:

Utnytte tematiske satsingsområde og mogleggerande teknologiar til å realisere idear og løyse samfunnsproblem gjennom tverrfaglege forskingsprosjekt

Utvikle tverrfaglege studietilbod og gi studentane innsikt i tverrfagleg samhandling gjennom læringsaktiviteter som kryssar fag- og profesjonsgrenser

Stimulere til delingskultur og til at ressursar og kompetanse blir brukte på tvers av einingar



Foto: Geir Mogen



Foto: Tone Mothes

KARRIERE OG KOMPETANSE

NTNU er ein attraktiv og profesjonell arbeidsgivar som tilbyr gode rammevilkår og legg til rette for at alle tilsette kan utvikle seg gjennom heile karriereløpet.

NTNU har rekrutteringsprosessar som er strategisk forankra og som sikrar høg kvalitet i verksemda.

Vitskapeleg tilsette har fleire likeverdige karrierevegar. NTNU har eit medvite forhold til bruk av ulike karrierestigar. Vitskapelege stillingar ved NTNU blir lyste ut internasjonalt.

Vi har gode faglege leiarar som skaper entusiasme og legg til rette for at alle medarbeidarane kan utvikle og bruke evnene sine.

NTNU har riktig kompetanse innan støttefunksjonane.

UTVIKLINGSMÅL

NTNU skal:

Ha ein ambisiøs rekrutteringspolitikk og effektive rutinar som sikrar gode tilsettingar

Ha systematisk dialog med vitskapeleg tilsette om individuelle faglege utviklingsmål og karriereplaner

Utvikle leiarrolla og heve kompetansen hos våre leiarar og tilsette

ARBEIDSMILJØ OG STUDENTVELFERD

NTNU har motiverte, engasjerte og kompetente tilsette og studentar. Alle ved NTNU tek sjølvstendig ansvar for å bidra til eit godt og helsefremmende arbeids- og studiemiljø og til ein arbeidskvordan der tilsette og studentar opplever utfordringar, utvikling og arbeidsglede. Leiarar tek eit særskild ansvar for arbeidsmiljøet og arbeider systematisk med helse, miljø og sikkerheit.

NTNU har aktiv medverknad og eit stort engasjement blant tilsette og studentar. Vi praktiserer open, inkluderande leiing, og har eit godt samarbeid med studentdemokratiet og arbeidstakarorganisasjonane.

Studentane blir varetatte på ein god måte som sikrar trivsel og god meistring. Studentsamskipnaden er vår fremste samarbeidspartner for å vareta studentvelferda.

NTNU vektlegg og arbeider for mangfold og god kjønnsbalanse blant studentar og tilsette.

UTVIKLINGSMÅL

NTNU skal:

Integrere helsefremmende arbeid i den daglege drifta

Bidra til gode læringsrammer gjennom velferdstilbod og frivillige aktivitetar på studiestadene

Forbetre kjønnsbalansen i vitskapelege toppstillingar



Foto: Tone Molnes



CAMPUSUTVIKLING

Universitetområda våre er framifrå lærings- og arbeidsmiljø og bidrar til høg fagleg kvalitet. Dei samlar studentar og tilsette innan same fagområde, men legg samtidig til rette for samhandling på tvers av faga. Campusane våre er levande laboratorium som er opne og inviterande for samarbeid med eksterne partnarar. Dei legg til rette for levande studentmiljø med studentkultur og aktivitetar drivne av studentar.

UTVIKLINGSMÅL

NTNU skal:

Etablere arbeidsplassar og læringsarenaer baserte på forsking og erfaringar

Utvikle berekraftige teknologiske løysingar

Utvikle ein framtidsretta, samla campus i Trondheim som er modell for framtidige offentlege utbyggingar i Noreg

NTNU SI UTVIKLINGSEVNE

NTNU prioriterer ressursane sine for å sikre høg kvalitet i kjerneverksemda, og evnar å utvikle seg for å ligge i front fagleg for å kunne møte samfunnet sine endringar, behov og forventningar. NTNU har brukarvenlege og effektive støttesystem. Våre studentar og tilsette får tilbod om framtidsretta digitale tenester der brukaren sine behov står i sentrum. NTNU har gode system for varetaking av informasjonssikkerheit, beredskap og personvern.

UTVIKLINGSMÅL

NTNU skal:

Ha ressursstyring som bidrar til økt produktivitet og sikrer handlingsrom for strategiske prioriteringar og fornyelse på alle nivå

Iverksette digitaliseringstiltak og forbedringer som støtter opp under helhetlige, standardiserte rutiner og arbeidsprosesser




Foto: Colourbox

FRÅ VISJON TIL VIRKE

2018–2025

NTNU sin visjon og strategiar blir konkretiserte i fakulteta og
Vitskapsmuseet sine eigne strategiar og prioriteringar.

For utvalde tema vil det bli utarbeidd eigne handlingsplanar med
eit tidsperspektiv på tre til fire år. Desse vil innehalde konkrete
tiltak og føringar som gjeld på tvers av verksemda.